

Samrådsmøte mellom Fylkesmannen og sekretariat for kontrollutvala, Mattilsynet og Arkivverket

Fredag 9. mars 2018

Deltakarar:

Bodhild Therese Cirotzki (FM, utdanning)

Mari Severinsen (FM, beredskap)

Anne Marte Sære (FM, juridisk)

Helen Haaland (FM, landbruk)

Astrid Tveit (FM, helse og sosial)

Jon Sandven (Arkivverket)

Bente Elisabeth Lien (Mattilsynet)

Jostein Støylen (Vest kontrol)

Harald Mo (PWC)

Audhild Ragni Vie Alme (SEKOM-sekretariatet)

Roald Breistein (møtte for Einar Ulla, kontrollsjef fylkeskommunen i Sogn og Fjordane)

Møteagenda:

Referatet er meint som eit supplement til dokumentasjonen som vert sendt ut saman med referatet.

1. Sekretariata informerer om sin aktivitet

2. Fylkesmannen orienterer om sitt tilsynsarbeid

- Lærande tilsyn gjennomført av utdanningsavdelinga.
- Eigenvurderings tilsyn gjennomført av helse og sosial og landbruk.
- Tverrfagleg tilsyn gjennomført av helse og sosial og beredskapseininga. Fleire avdelingar ser fordelene med å gjennomføre tverrfaglege tilsyn, og dette er noko vi har med oss i planlegginga vidare, sjølv om vi må ta omsyn til føringar frå overordna myndigheiter på dei ulike områda.

3. Orientering av prosjekt: Tilbakemelding etter tilsyn

Prosjektet vert testa ut av utdanning og beredskap i haust. Det er no bestemt at det skal takast i bruk i alle avdelingane hjå fylkesmannen.

4. Samanslåingsprosess

Alle er samde i at tilsyn må gjennomførast jamfør de føringar den individuelle tilsynsmyndigheita vert gitt. Samanslåing kan ved fleire høve føre til ei auke i risiko og dermed òg større behov for tilsyn.

5. Felles tilsynsplan

Tilsynskalenderen til Fylkesmannen er tilgjengeleg på våre heimesider. Den felles tilsynskalenderen for dei ulike tilsynsetatane ligg ikkje her, men vert sendt ut via e-post.

Tilsynsmyndigheitene som var representert på møtet er stemde i å fortsette å jobbe for å koordinere sin tilsynsverksemd så langt det let seg gjere.

6. Ønskemål og vidare samarbeid

- Tettare samspel mellom kontrollutvala og fylkesmannen i arbeidet med å følgje opp lukking av avvik.
 - Fylkesmannen vil følgje opp førespurnad frå sekretariat for kontrollutvala om å publisere/distribuere sluttdokument i samband med lukking av tilsyn.
- Ønskje om at Fylkesmannen skal fortsette å koordinere arbeidet med tilsyn i fylket og organisere årlege fellesmøte med sekretariat for kontrollutvala.
 - Fylkesmannen er i ein omstillingsprosess, men tek med seg innspela inn i prosessen og vil jobbe for å oppretthalde den gode dialogen enten slik som i dag eller gjennom andre kommunikasjonskanalar /møteplassar.

Samrådsmøte mellom fylkesmannen og sekreteriat for kontrollutvala, mattilsynet, arbeidstilsynet og arkivverket

Fredag 9. mars 2018
Statens Hus

Agenda for møtet

Presentasjonsrunde

Sekreteriata har ordet

Fylkesmannen har ordet

Samarbeid og felles plan for tilsyn

Ønskemål og vidare samarbeid mellom Fylkesmannen og
sekreteriat for kontrollutvala i 2019

Tilbakemelding etter tilsyn

Mål og mening

Prosessen

Lenker til spørjeskjema:

DEL1

https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/eDocument.Viewer/FMSF/TILSYN_DEL1?noprompt=1

Del 2:

https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/eDocument.Viewer/FMSF/TILSYN_DEL2?noprompt=1

Ulike metodar for tilsyn

Lærande tilsyn; Utdanning

Eigenvurderingstilsyn; Helse og Sosial; Landbruk

Tverrfaglege tilsyn; Helse og Sosial - Beredskap

Felles tilsynsplan

Samarbeid internt hjå fylkesmannen

Felles plan per halvår

<https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Tilsyn/>

I samarbeid med andre statlege etatar; mattilsynet, arkivverket, arbeidstilsynet

Andre nettstader som blir brukt av miljøavdelinga, mattilsynet og arbeidstilsynet

Samanslåingsprosess

Kommunane

- Tilsyn baserer seg på risikovurdering uavhengig av om kommunar skal slåast saman eller ikkje.
- Samrådsmøte med KS
- Felles møte med nye kommunar, avklaring og informasjonsutveksling

Staten

- Tverrfagleg tilsynsgruppe aktiv og inaktiv

Status PwC

Kommune	Budsjett 2018	Gjennomført revisjon
Sogndal	Nei	Sogn Barnevern arbeidsmiljø
Lærdal	Nei	Økonomistyring
Balestrand	Nei	Samhandlingsreform og oppfylging av avtale med Helse Førde
Leikanger	Nei	Psykososialt miljø i skulane/mobbing klar mars 2018
Årdal	Ja	Bu og miljøtenesta i 2017/2018, ikkje levert
Aurland	Nei	Spesialomsorg
Luster	Ja	Ingen, har avventa Sogn Barnevern
Høyanger	Nei	Legetenesta, ikkje levert, klar i mars 2018
Vik	Ja	Pleie- og omsorg, 2017/2018

Revisjonar mv. i Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017 – 2018

Tema	2017	2018	Ferdig	TING
Forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning	X		Oppf. 2 – 22.05.2018	24.04.2017
Forvaltningsrevisjon arkiv og offentlegheit	X		Oppf. 2 – 22.05.2018	13.06.2017
Forvaltningsrevisjon av innkjøp	X		Rapport KU 03.04.2018	17.04.2018
Forvaltningsrevisjon innkjøp – Tilleggsbestilling	X		Sak i KU 03.04.2018	17.04.2018
Forvaltningsrevisjon av musea i Sogn og Fjordane	X		Rapport KU 03.04.2018	17.04.2018
Forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgjeving i vgs	X		Frist rapport 23.05.2018	12.06.2018
Selskapskontroll av VIGO	X		Frist rapport desember 2018	April 2019
Forvaltningsrevisjon reiseliv		X	Ferdig 03.09.2018	16.10.2018
Forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv		X	Prosjektplan 03.04.18	
Fylkesrådmannen orienterer om status for tilpassing til ny personvernlov		X	03.04.2018	
Desisjon av møtebøker frå HU og FU		X	Ferdig mai 2018	12.06.2018
Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020		X	Prosessmøte 22.05.18	12.06.2018

Oversikt over tilsyn og kontrollar i kommunane i 2018				
Fargekodar for avdelingane		Arkivverket	Arbeidsmiljølova	Mattilsynet
Utdanningsavdelinga	Beredskap	Helse- og sosialavdelinga	Miljøvern avdelinga	Landbruksavdelinga
Kommune/målgruppe	Tidspunkt	Avdeling	Kontaktperson hjå Fylkesmannen	Tema for tilsynet
	JANUAR			
Årdal	15. - 16.	Utdanning	Bodhild Therese Cirotzki	Barnehagelova
	FEBRUAR			
Bremanger	26.-28.	Helse- og sosial	Astrid Tveit	Tenestetilbodet til ROP brukarar
Flora	28.	Utdanning	Helge Pedersen	Opplæringslova
	MARS			
Flora	01.	Utdanning	Helge Pedersen	Opplæringslova
Flora	22.	Beredskap	Mari Severinsen	Kommunalberedskapsplikt
Aurland	20.-22.	Helse- og sosial	Astrid Tveit	Tenestetilbod til ROP brukarar
Hornindal	22.	Arkivverket	Jon Sandven	
	APRIL			
Gloppen	03.-05.	Helse- og sosial	Astrid Tveit	Tenestetilbod til ROP brukarar
Luster	12.-13.	Utdanning	Lill Mona Solberg	Opplæringslova
Vik	12.	Beredskap	Mari Severinsen	Kommunalberedskapsplikt
Årdal	16.-18.	Helse- og sosial	Astrid Tveit	Tenestetilbod til ROP brukarar
Gloppen	24. - 25.	Utdanning	Bodhild Therese Cirotzki	Barnehagelova
Flora	Ikkje avklart	Arkivverket	Jon Sandven	
	MAI			
Flora	Ikkje avklart	Arkivverket	Jon Sandven	

Eid	8.	Beredskap	Mari Severinsen	Kommunalberedskapsplikt
Selje	9.	Beredskap	Mari Severinsen	Kommunalberedskapsplikt
	JUNI			
	JULI			
	AUGUST			
	SEPTEMBER			
Leikanger		Beredskap	Mari Severinsen	Kommunalberedskapsplikt
	OKTOBER			
Bremanger		Beredskap	Mari Severinsen	Kommunalberedskapsplikt
	NOVEMBER			
Leikanger		Beredskap	Mari Severinsen	Kommunalberedskapsplikt

	DESEMBER			

| |

| |

| |

Dato: 08.03.2018
Vår referanse: 18/19
Arkiv: FE - 024

Møte mellom Fylkesmannen og sekretariata 9.3.2018

Notat med aktuell informasjon frå SEKOM-sekretariat og kontrollutvala i våre 15 kommunar.


Felles for kontrollutvala

Forum for kontroll og Tilsyn (FKT) arrangerte «Kontrollutvalsdagen» på Skei den 15. juni med ca 70 deltakarar. Vest Kontroll, kontrollsjefen i fylkeskommunen og SEKOM-sekretariat var lokale arrangørar.

Mange var også representerte på landsdekkande konferansar for kontrollutval i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og FKT.

Kommunesamanslåingar

Det er vedteke fleire endringar i kommunesamansetjing som påverkar SEKOM-sekretariat. Forventa kommunekart pr. 2020, utan eventuelle grensejusteringar:



Kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn:
Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse: Hafstadvegen 42, 6800
Førde

Besøksadresse: Førde rådhus, 3.
etasje

Org.nr: 987 631 554

Bankkonto: 3705.08.32571

Ny kommune	Samanslått av	Sekretariat i dag
Stad	Eid Selje	SEKOM-sekretariat Vest Kontroll
Volda	Hornindal Volda	SEKOM-sekretariat Vest Kontroll
Kinn	Flora Vågsøy	SEKOM-sekretariat Vest Kontroll
Sunnfjord	Førde Gaular Jølster Naustdal	SEKOM-sekretariat SEKOM-sekretariat SEKOM-sekretariat SEKOM-sekretariat

Inndelingslova har ikkje reglar om kontrollutvalsfunksjon for fellesnemnda. Dette reknar vi med betyr at kvart utval har oppfølgingsinteresse og ansvar på vegner av sin kommune. Kontrollutvalsleiarane vil møte i fellesnemnda og informere, for å sette fokus på kontroll og tilsyn.

Alle kontrollutvala i dei 4 konstellasjonane har hatt fellesmøte:

Ny kommune	1. Fellesmøte	2. Fellesmøte
Volda	19.6.2017	12.3.2018
Sunnfjord	24.8.2017	6.3.2018
Stad	6.9.2017	15.2.2018
Kinn	12.12.2017	13.3.2018

Kontrollutvala kjem til å følge samanslåingsprosessen og vil ha fleire fellesmøte fram til 2020. SEKOM-sekretariat har eit godt samarbeid med Vest kontroll der begge sekretariata er involvert.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Klipp frå dei vedtekte planane i kvar kommune. Alle kontrollutvala har fullmakt både til å endre rekkefølge og legge til nye prosjekt.

Prosjekt som er ferdige

Prosjekt som er under arbeid

Askvoll	<ol style="list-style-type: none"> 1. Spesialundervisning / tilpassa opplæring – Kommunestyret 24.5.2017 2. Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg – Leveringsfrist 1.3.2018 3. Interkommunale samarbeid 4. Busetjing av flyktingar
Bremanger	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oppfølging av sjukefråvære – Kommunestyret 15.12.2016 2. Avvikshandtering – førebur tinging i møte 20.4.2018 3. Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage – Kommunestyret 1.3.2018 4. Helse og omsorg – oppfølging av avtalar

Eid	<ol style="list-style-type: none"> 1. Brukarperspektiv i tenestene – Kommunestyret 5.10.2017 2. Felles prosjekt om IKT og Nordfjordnett 3. Etikk – Levert 2.2.2018, handsaming i kontrollutvalet 18.4.2018 4. Kvalitetssystem
Fjaler	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oppvekstsektoren - psykososialt miljø – Kommunestyret 23.10.2017 2. Investering – Leverast 1.4.2018 3. Internkontroll 4. Oppfølging av politiske vedtak
Flora (Ikkje innbyrdes prioritert)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Barnevern – bekymringsmeldingar – Leverast 1.5.2018 2. Læringsmiljø i skule Ikkje prioritert rekkefølge: <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagane • Sjukefråværsoppfølging • Politisk styring på personalområdet <p>Flora kontrollutval prioriterte å tinge fleire mindre revisjonsrapportar i 2016 og 2017.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eigarskapsoppfølging • Politiattest ved tilsetjingar der det er aktuelt • Innkrevjingsrutiner ved sjukefråver • Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) - grunnlagsdokument • Flora Kjøkkenservice KF - faktureringsfeil 2015 og 2016 • Allhuset Eikefjord – organisering • Flora Hamn KF
Førde	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tidleg nok iverksetting av tiltak innan tilpassa opplæring / spesialundervisning – Bystyret 28.9.2017 2. Fokus på psykososialt miljø for barn og unge 3. Vedlikehald av kommunal eigedom – Leverast 1.5.2018 4. Kommunale innkjøp 5. Kontroll med forvaltning av kommunen sin eigarinteresse <p>Nytt prosjekt frå bystyret 15.2.2018 sak 014/18: Saksgangen ved framføring av røyr til fjernvarme. Handsama i kontrollutvalet 6.3.2018, ny handsaming og synfaring 5.4.2018.</p>
Gaular	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sårbarheit i organisasjonen – Kommunestyret 28.9.2017 2. Samhandlingsreforma – Leverast 1.5.2018 3. Barnevern 4. Konesjonssaker / buplikt
Gloppen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Administrativt nivå / stillingsheimlar – Kommunestyret 6.3.2017 2. Felles prosjekt om IKT og Nordfjordnett 3. Miljø, ureining, berekraftig utvikling 4. Planarbeid – Leverast 1.4.2018

Gulen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Inntektsområdet – Kommunestyret 22.6.2017 2. Vedlikehold av bygg / eigeendom – Levert 2.3.2018 til kontrollutvalet 23.3 3. Oppfølging av politiske vedtak 4. Selskapskontroll
Hornindal	<ol style="list-style-type: none"> 1. Beredskap / klimaendring – Kommunestyret 21.12.2017 2. Felles prosjekt om IKT og Nordfjordnett 3. Sjølvkostområdet vatn og avlaup 4. Offentlege innkjøp <p>Nytt prosjekt: Etikk – Leverast 1.11.2018</p>
Hyllestad	<ol style="list-style-type: none"> 1. Eigarskapskontroll, selskapsformer – Kommunestyret 12.5.2017 2. Investeringsprosjekt med fokus på innkjøp – Leverast 1.4.2018 3. Tenestetilbodet psykisk helsevern og rusomsorg 4. Psykososialt miljø i skule / barnehage 5. Prosjektstyring i byggeprosjekt 6. Asylsøkjjarar og flyktningar, helse og omsorg
Jølster	<ol style="list-style-type: none"> 1. Eigarskapsstrategi / oppfølging – Kommunestyret 13.12.2016 2. Oppfølging av kontraktar – Kommunestyret 12.12.2017 3. Personalforvaltning og rekruttering 4. Etikk og organisasjonskultur – Leverast 15.10.2018
Naustdal	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kvalitetssystem og internkontroll – Handsama av kontrollutvalet 8.12.2017 2. Prosjekt- og økonomistyring – Leverast 15.11.2018 3. Oppfølging av vedtak 4. Omstilling / kommunereform
Solund	<ol style="list-style-type: none"> 1. Interkommunalt samarbeid – Kommunestyret 19.10.2017 2. Organisering og bruk av ressursar 3. Flyktningarbeidet 4. Næringsutvikling / næringsplan <p>Nytt prosjekt: Mellombels tilsetting – Leverast 1.10.2018</p>
Stryn	<ol style="list-style-type: none"> 1. Eigarskapskontroll – Kommunestyret 6.2.2018 2. Forvaltningsrevisjon i sleskap: Pri 1: NOMIL. Pri 2: Nordfjord Hamn. Pri 3: Nordfjordnett 3. Rekruttere og behalde arbeidskraft – Leverast 1.6.2018 4. Dokumenthandtering

Tilsynsrapportar frå Fylkesmannen

- ∞ Vi legg fram rapportar frå Fylkesmannen sine tilsyn som referatsak i kontrollutvalet
- ∞ Kontrollutvala ber ofte om informasjon frå rådmannen både om sjølve tilsynet og om kva som vert gjort for å følge opp.
- ∞ Vi legg opp til at kontrollutvala vert informert om dialog mellom kommunen og Fylkesmannen etter at rapporten er levert. Ikkje minst endeleg stadfesting om at avvik er lukka.
- ∞ Det hadde vore ekstra bra for oss om dialog mellom Fylkesmannen og kommunen var tilgjengeleg på same nettside som rapporten.
- ∞ Det kan vere ei felles utfordring for oppfølging av tilsyn og forvaltningsrevisjonar: Korleis kontrollerer vi at forbetringane faktisk vert utført?
Rådmannen informerer kontrollutvalet om oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapportane.

Samarbeid mellom statlege tilsyn og kontrollutvala

På samrådsmøtet i 2017, tok vi opp nokre prinsipielle problemstillingar. Bakgrunnen var ein rapport i Agderfylka om samarbeid mellom statlege organ, administrasjon i kommunen og revisor utan at kontrollutvalet si rolle er teken med.

Som nemnt då, set SEKOM pris på at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tek utgangspunkt i kontrollutvala si rolle i samhandling mellom statleg og kommunal tilsyn/kontroll.

Med helsing

SEKOM-sekretariat
v/ Arnar Helgheim og Audhild Ragni Vie Alme

Saksbehandlar: Roald Breistein
Sak nr.:

Ny personvernlov frå 2018 – Status for tilpassing i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under punktet om vurderingar og konsekvensar når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 14.03.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 03.04.2018 for å orientere munnleg om saka.

Vedlegg:

Punktliste-til-ny-forordning

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

EUs personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemstater i EU, også for Norge i mai 2018. Dette vil medføre ei rekke endringar i norsk personvernlovgeving.

På datatilsynet sine nettsider har vi m.a. funne ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglane kan bety: «*Nye personvernregler fra 2018. Hva betyr det for din virksomhet*», denne ligg også ved. Meir informasjon fins på denne lenkja:
<https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Vidare vert det vist til folkevaldopplæringa for kontrollutvala i dei fire vestlandsfylka som vart halde i Molde 15. – 16.01.2018 der advokat Henrik Dagestad i BDO held foredrag om dette tema.

Vurderingar og konsekvensar

Ut frå det som går fram over, og spesielt i høve foredraget frå BDO, kan det vera føremålstenleg at kontrollutvalet innhentar informasjon om korleis status på tilpassinga er i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Utvalet kan t.d. be fylkesrådmannen svare på desse 7 spørsmåla:

1. Er det nokon som jobber med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgiver?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i datasystemer?
7. Er det vurdert å få vennligsinna hackere til å teste datasystemer?

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte svarer skriftleg på spørsmåla som går fram under punktet vurderingar og konsekvensar. Vidare vert det i tillegg tilrådd at utvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte for å orientere munnleg om saka.